



Statens vegvesen

EVEN GAUSEREIDE
NESBREKKA 8 B
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/45060-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.04.2018

Uttale – Endra bruk av avkjørsel – Fv. 401 – Gnr. 175 bnr. 10 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 07.03.2018.

Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld endra bruk av avkøyrslø frå fv. 401 til grunneigedom gnr. 175 bnr. 10 på Spurkeland i Lindås kommune. Eigedommen har i dag ein påståande fritidsbustad, medan du ynskjer å søkje bruksendring til bustad. Eigedommen er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsføremål* (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås (2011–2023). Tiltaket er difor i strid med godkjent plan for området. Det er Lindås kommune som er rett planmynde og som kan dispensere frå plan.

Opplysning om saksgong:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19–2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ein uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden.

Uttale til handsaming etter plan og bygningslova:

Tekniske opplysningar:

Eigedommen har avkøyrslø frå fv. 401. Vegen er smal på gjeldande strekning med berre ein køyrebane. Det er ikkje tilbod til gåande og syklende, og det er langt til næraste busshaldeplass. Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årstdøgertrafikk (ÅDT) er 400. Strekinga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslø og byggjegrænse langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 –2016)*.

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00


Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

Vegvesenet si vurdering av saka:

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs veggen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det ut over tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleiken på den veggen det er søkt om avkøyrsla frå.



Situasjonskart over del av fv. 401 og omsøkte avkøyrsla.

For å kunne gjere ei god vurdering av saka ønskjer vi primært å synfare staden. På grunn av at vi har svært mange saker for tida og for å sikre at søkar slepp å vente for lenge på svar frå oss, har vi vald å handsame denne saka ved bruk av kart og vegbilde. Vi legg til grunn at kommunen og/eller tiltakshavar gir oss opplysningar som vi eventuelt har oversett fordi vi ikkje har vore på staden.

Når det vert søkt om endra bruk av ei avkøyrsla har vi høve til å vurdere utforming av avkøyrsla på ny. Eit absolutt krav vi stiller til avkøyrsla ved ny eller endra bruk, er at det skal vere tilfredstillande sikt. Siktkravet vert sett mellom anna etter skilta fart på staden, og tal på brukarar i avkøyrsla. Andre krav vi stiller er knytt til svingradius, og helling i avkøyrsla. Vi vurderer at desse krava kan tilfredstillast i dette tilfellet, men at det må påreknast å utføre utbetringar av mellom anna sikta, før vi eventuelt gjev løyve til endra bruk.

Sluttord:

Etter ei konkret vurdering av tilhøva på staden, meiner vi det kan påreknast løyve til endra bruk etter veglova dersom våre tekniske krav til utforming vert innfridd. Eit slikt løyve vil i så fall innehalde særlege vilkår til opparbeiding av avkøyrsla.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon i dette tilfellet, vil vi behandle saka vidare etter føresegnene i veglova. Du må då sende inn ny søknad som er i samsvar med kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ